



**ØY
GARD
EN**

- eit fyrtårn i vest

**Anskaffingsstrategi
for
Øygarden kommune
2024 - 2027**



Introduksjon



Anskaffingsstrategien skal støtte opp under Samfunnsdelen til kommuneplanen, og skal beskrive ei overordna tenking og åtferd for anskaffingar.

Anskaffingsstrategien skal gi eit felles grunnlag for gjennomføring av anskaffingar og sikre effektiv ressursbruk. Vi skal gjennomføre anskaffingane i tråd med lov og forskrift og sikre krav til konkurranse, likebehandling og openheit.

Strategien gjeld for alt anskaffingsarbeid som gjennomførast i verksemda, på tvers av einingar og for alle fasar i ein anskaffingsprosess; frå planlegging av anskaffinga til avslutning av kontrakt. Den rører ved alle delar av organisasjonen, og alle tilsette i kommunen skal ha god forståing for si rolle og ansvar knytt til anskaffingar.

Strategien beskriv kort kva mål vi skal bidra til å realisere. Det gjer vi ved å ivareta fire satsingsområde og jobbe målretta med tiltak i handlingsplanen.



No-situasjon

Operativt innkjøpsfokus

Kommunen er i dag ein operativt god innkjøpsorganisasjon, men som i liten grad nyttar anskaffingar som eit strategisk verktøy.

Auka kompetanse- og kapasitetsbehov

Det er eit stort og aukande behov for meir generell kompetanse om anskaffingar og kontraktsforvaltning både hos politikarar, leiarar, behovseigarar, bestillerar, innkjøpsansvarlege, kontraktsansvarlege, prosjektleiarar og andre.

Dei fleste støttar seg på innkjøpsavdelinga ved behov for bistand, noko som gjer at kapasiteten til å drive utvikling og forbetring innan anskaffingsområdet er lav.

Behov for analyse og oversikt

Det er behov for spendverktøy som gir god oversikt over alle innkjøpa i kommunen, slik at vi kan sjå dei i samanheng og utforske potensiale for gevinstar.

Spendverktøy vil bidra til å skape bevisstheit om innkjøp på tvers av heile verksemda. Dette gir eit godt utgangspunkt for prioriteringar, planlegging og styring.

Behov for å styrke kontraktsforvaltning

Vi har behov for å auke ressursar og kompetanse på kontraktsforvaltning. Gjennom god kontraktsforvaltning ligg eit potensiale i å hente ut gevinstar, samstundes som det reduserar risiko for brot på avtalevilkår og regelverk.

Det er behov for e-handel, noko som er ein av dei viktigaste verkemidla for å sikre at kommunen kjøper korrekte avtaleprodukt til korrekte prisar frå avtaleleverandør.

Utviklingstrekk i samfunnet

Strategisk innkjøpsfokus

Gode offentlege anskaffingar trekkast fram som avgjerande for at offentleg sektor skal kunne oppfylle sitt samfunnsoppdrag.

Fokuset har flytta seg frå reint økonomiske og juridiske betraktningar til ei erkjenning av at gode offentlege anskaffingar er blant dei viktigaste verkemidla for å nå målsetnadar innan samfunnsansvar og tenestekvalitet.

Strengare krav til prosess og kompetanse

Det breie fokuset på anskaffingar som eit «universalverktøy», gjer at det stillast stadig strengare krav til prosessane og kompetansen til dei som er involvert i desse.

I tillegg til inngåande kunnskap om regelverk og økonomi, stillast det krav til kompetanse innan stadig fleire område, som t.d. klima- og miljø, etisk handel, seriøst arbeidsliv, innovasjon og leverandørutvikling.

Dette gjer at prosessane sin kompleksitet og omfang aukar, og det vert stilt mykje strengare krav til oppfølging av avtalar for å sikre at ein faktisk får ut dei effektane ein har lagt opp til gjennom anskaffinga.

Korleis møter Øygarden denne utviklinga?

Øygarden kommune har sett seg ambisiøse mål innanfor fleire område, som t.d. klima- og miljø, etisk handel, seriøst arbeidsliv, innovasjon og leverandørutvikling.

For å skape synergi i framtidssamfunnet må vi samhandle godt på tvers av tenesteområde, med næringsliv, politikk og eksterne aktørar.

Ein pressa kommuneøkonomi gjer det nødvendig å sjå på alle moglegheiter for å nytte kommunen sine midlar på ein så effektiv måte som mogleg, samtidig som ein støttar opp under desse målsetnadane.

Ein viktig føresetnad for dette er at anskaffingsfunksjonen og andre ansvarlege ute i einingane har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse for å ta ut potensialet som ligg i anskaffingane og kontraktsforvaltninga.



Mål og strategiar

Mål

Alle anskaffingane i kommunen skal gjennomførast i tråd med gjeldande regelverk og politiske føringar. Anskaffingane skal dekke behov i kommunen sin tenesteproduksjon og sikre tilgang på varer, tenester, bygg og anlegg til riktig kvalitet og pris. Gjennom arbeidet med konkurransar og kontraktar skal kommunen bruke sin posisjon til å bidra aktivt til å gjere samfunnet betre, ved å satse på miljø, samfunnsansvar og etikk. Prosessane skal vere transparente og dokumenterast for å førebygge mislegheiter og skape tillit.

Strategiar

For å oppnå målet har vi fire strategiar som våre satsingsområde i strategiperioden:

1

Anskaffingar skal bidra til betre behovsdekning og møte fremtida sitt behov

2

Vi skal anskaffe effektivt og på måtar som gir størst mogleg verdi

3

Vi skal ha god oppfølging av kontraktar og leverandørar

4


Vi skal ha fokus på klima, miljø, og samfunnsansvar i anskaffingane

Strategi 1

Anskaffingar skal bidra til betre behovsdekning og møte framtida sitt behov.

TILTAK

- 1.1 Utvikle strategisk anskaffingskompetanse hos leiarar og i innkjøpsavdelinga.
- 1.2 Gjennomføre årlege behovskartleggingar av anskaffingar i organisasjonen.
- 1.3 Obligatorisk oppstartsmøte for tverrfagleg anskaffingsteam, med informasjon om roller, forventningar og anskaffingsprosessen.
- 1.4 Innføre konkurransestrategi for anskaffinga, i planlegginga av større anskaffingar (mal anskaffelser.no).
- 1.5 Bruke Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP) og DFØ for å få auka kompetanse om gjennomføring av innovative offentlege anskaffingar.
- 1.6 Gjennomføre marknadssdialog der det er hensiktsmessig.
- 1.7 Auke bruken av opne spesifikasjonar.
- 1.8 Sette av meir tid til den førebuande fasen i anskaffingsprosessen.
- 1.9 Sørge for at vi anskaffar det riktige og legg til rette for medverknad i prosessane.
- 1.10 Etablere erfaringsdokument som kontraktsforvaltar skal ferdigstille når kontraktsperioden er over.



Strategi 2

Vi skal anskaffe effektivt og på måtar som gir størst mogleg verdi.

TILTAK

- 2.1 Etablere system for innkjøpsanalyse.
- 2.2 Vi skal som hovudregel slutte oss til rammeavtalar i innkjøps samarbeidet med Bergen kommune.
- 2.3 Det skal vere enkelt tilgjengelege og oppdaterte rettleiarar, malar og verktøy til bruk i anskaffingsprosessar i Compilo.
- 2.4 Innføre e-handelssystem.
- 2.5 Sikre betre forståing av roller og ansvar i dei ulike fasane av anskaffingsprosessen.
- 2.6 Innkjøpsavdelinga skal tilby differensierte og målretta kompetansehevingstiltak retta mot ulike roller og område.
- 2.7 Innkjøpsavdelinga skal forankre og vidareutvikle internt innkjøpsfagleg nettverk for innkjøparar i kommunen.
- 2.8 Vi skal sette anskaffingar på agendaen i etablerte fora og strukturer som leiarsamlingar, og arbeid med årleg handlings- og økonomiplan.



Strategi 3

God oppfølging av kontrakter og leverandører

TILTAK

- 3.1 Kunngjere fleire anskaffingar under nasjonal terskelverdi i KGV.
- 3.2 Nytte standardkontrakter for å sikre gjennomtenkte og balanserte kontraktsvilkår som er kjent i leverandørmarknaden.
- 3.3 Styrke kompetansen til kontraktsforvaltarane på kontraktsoppfølging.
- 3.4 Tydeleggjere leiar sitt ansvar for å bruke rammeavtalane og bruke desse korrekt ved innkjøp av varer og tenester.
- 3.5 Innkjøpsavdelinga skal følge opp kommunen sine forpliktingar i rammeavtaler der vi er slutta til innkjøpsamarbeidet med Bergen.
- 3.6 Etablere tettare samarbeid med Næringsjef og lokale aktørar som Vest Næringsråd. Legge til rette for innovative anskaffingar.
- 3.7 Vi skal bidra til konkurranse og marknadsutvikling ved å utarbeide gode og forholdsmessige behovsbeskrivingar og krav.
- 3.8 Informere marknaden om kommande anskaffingar via Innkjøpsplan i KGV.
- 3.9 Følge opp leveransar og samarbeide godt med leverandørane for å ta ut planlagde gevinstar og mest mogleg verdi i anskaffingane.
- 3.10 Følge opp dei krav vi sett til leverandørane både i sjølve leveransen, men også ivaretaking av lovverk og seriøsitetskrav.



Strategi 4

Øygarden kommune skal ha fokus på klima, miljø og samfunnsansvar i anskaffingane.

TILTAK

- 4.1 Utarbeide og implementere rettleiar for samfunnsansvar.
- 4.2 Utarbeide og implementere rettleiar for klima og miljø i anskaffingar.
- 4.3 Revidere og implementere eksisterande rettleiar om lønns- og arbeidsvilkår.
- 4.4 Utarbeide og implementere kontraktsbilag som omhandlar samfunnsansvar.
- 4.5 Utarbeide og implementere rutinar og årleg vurdere tiltak som førebygg moglegheiter for misleghald og korrupsjon knytt til anskaffingar.
- 4.6 Kommunen inngår samarbeidsavtale med skatteetaten for å forebygge økonomisk kriminalitet og ivareta samfunnsansvar.
- 4.7 Gjennomføre opplæring i bruk av rettleiarar for tilsette som utformar konkurransegrunnlag og tildelingskriterium.
- 4.8 Det skal vurderast å gjennomføre reservert kontrakt innan område der arbeidsmarknadsbedrifter kan levere tenester på lik linje med andre.



Det er ei klar forventning at det offentlege skal ta eit samfunnsansvar ved anskaffingar. Eit av dei siste grepa er kravet om 30 % vektlegging av klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar som trådde i kraft 1. januar 2024. Samfunnsansvaret i anskaffingar er også forankra i Kommunen sin samfunnsdel som seier at vi skal stille krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvennlege løysingar.

Implementering

Det vert utarbeida handlingsplanar og prioriteringar som skal sikre at dei overordna målsetnadane og strategiske føringar gitt i dette dokumentet blir fulgt opp og nådd i strategiperioden.

For å lykkast med strategien er det avgjerande med tilstrekkelege ressursar og samarbeid for å nå måla.

